



Prosjektstyring Vest AS
Postboks 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1793 - 15/10089

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

21.05.2015

Godkjenning - Utsett frist for søknad om ferdigattest

I samband med Meland kommune sitt vedtak av 27.2.2015 – om avslag på søknad om m.a. ferdigattesting av mellombels skulebygg med tilhøyrande uteareal på gbnr. 23/1 (Danielsen Ungdomsskule Frekhaug) – vart tiltakshavar gitt frist til 27.4.2015 for innsending av ny søknad om ferdigattest, jf. DNT-sak 56/2015.

I nytt vedtak av 4.5. s.å. vart det gitt dispensasjon frå byggtkniske krav og endring av allereie gitt løyve til opparbeiding av uteareal, jf. DNT-sak 144/2015. I samband med denne godkjenninga fann administrasjonen det føremålstenleg å utsette tidlegare fastsett frist for godkjenning av føretak med ansvarsrett for uavhengig kontroll til 4.6.2015.

Det vert no søkt om ytterlegare utsetting av nemnde frist for innsending av ny søknad om ferdigattest, jf. brev frå ansvarleg søkjar dagsett 7.5. d.å. Om grunngjevinga for førespurnaden om fristutsetting vert det vist til nemnde brev i sin heilskap.

Administrasjonen vurderer at ei fristutsetting som omsøkt er ein logisk konsekvens av godkjenninga med tilhøyrande fristutsetting som vart gitt i DNT-sak 144/2015, og finn difor å kunne imøtekome denne førespurnaden. Ettersom fristen for uavhengig kontroll er sett til 4.6.2015, vert ny frist for søknad om ferdigattest sett til **4.7.2015**. Med tilstrekkeleg prioritet bør det ikkje vere for vanskeleg for tiltakshavar å overhalde denne fristen. Det kan ikkje reknast med ytterlegare fristutsetting, med mindre den uavhengige kontrollen skulle tilseie at vert det naudsynt med ikkje uvesentlege endringar.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Danielsen Ungdomsskole Frekhaug

Mottakere:

Prosjektstyring Vest AS

Postboks 66

5318

STRUSSHAMN